

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-033	22/195

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
037/2022	Kommunestyret	PS	29.09.2022

### Val av nytt kontrollutval i kommunestyreperioden 2019 - 2023

#### Forslag til vedtak:

Kommunestyret vel desse medlemene til nytt kontrollutval for kommunestyreperioden 2019 – 2023:

Leiar: Sigmund Vikane

Nestleiar: Ove Eidsnes

Medlem: Sigrunn Almelid Birkeland

Medlem: Bjørn Helge Venås

Medlem: Linda TollefSEN Ås

Varamedlem: Aud Almenningen Steinsland

Varamedlem: Jan Arild Steinsland

#### Saksopplysningar:

Noverande leiar av kontrollutvalet, Tom Kristian Thorsen, flytta 1. juli 2022 ut av kommunen og har difor søkt om fritak frå vervet.

#### Bakgrunn

Kontrollutval er eit lovpålagd organ. Utvalet sine oppgåver er nærrare omhandla i kapittel 23 i kommunelova og forskrift om kontrollutval og revisjon, fastsett av departementet 17. juni 2019(sjå vedlegg).

Etter § 23-1 første ledd i kommunelova, vel kommunestyret sjølv eit kontrollutval som på vegne av

kommunestyret skal føre laupande kontroll med forvaltninga i kommunen. Kommunestyret vel også sjølv leiar og nestleiar i kontrollutvalet.

Etter § 23-1 andre ledd skal kontrollutvalet ha minst 5 medlemer. Dette er ein auke i det lågaste talet på medlemer samanlikna med utgåande lov. Minst ein av medlemene i utvalet skal veljast mellom medlemene av kommunestyret. I den nye lova er det også tatt inn ei føresegr om at leiaren ikkje kan vere medlem av same parti eller same gruppe som ordføraren i kommunen.

Dei vanlege krava til valbarheit i § 7-2 og kven som er utelukka etter § 7-3 gjeld også for kontrollutval. I § 23-1 tredje ledd bokstav a-h er det særlege reglar om kven som ikkje kan veljast til kontrollutvalet. Dette er:

- Ordførar og varaordførar
- Medlemar og varamedlemar av formannskapet
- Medlemer av kommuneråd
- Medlemer og varamedlemer av kommunestyrekomite
- Medlemer og varamedlemer av folkevald organ med myndigkeit til å ta avgjerd(merk at medlemer og varamedlemer av kommunestyret likevel er valbare)
- Tilsette i kommunen
- Personar som har ei leiande stilling eller som er medlem eller varamedlem i styret eller bedriftsforsamlinga, i eit selskap som kommunen har eigarinteresser i.
- Personar som har ei leiande stilling, eller som er medlem eller varamedlem av styret i eit interkommunalt politisk råd eller eit kommunalt oppgåvefellesskap.

Det nedste punktet er nytt i lova, og gjeld dei tilfella der representantskapa i eit slikt interkommunalt samarbeid har oppretta eit underordna styringsorgan etter høvesvis § 18-3 fjerde led og § 19-3 femte ledd. Dersom eit slikt organ i realiteten er eit styre med dei oppgåvane og myndigkeit som normalt ligg til eit styre i eit selskap, så kan medlemene og varamedlemene i dette organet ikkje veljast til kontrollutvalet.

Som det går fram av lista, fører den nye lova vidare at ein person som er tilsett i kommunen ikkje kan veljast til kontrollutvalet, og dette gjeld uavhengig av kva stillingsbrøk vedkomande er tilsett i. Bakgrunnen for dette er omsynet til å sikre kontrollutvalet og medlemene skal vere uavhengig og utan bindingar til kommunen. Dessutan vil ein hindre at medlemar av kontrollutvalet får saker til handsaming som gjeld dei sjølve eller verksemda der dei er tilsett.

Kommunestyret kan når som helst halde nyval av medlemane i kontrollutvalet, jf kommunelova § 23-1 fjerde ledd. Kommunestyret kan ikkje vedta å leggje ned kontrollutvalet i valperioden.

### **Vurdering**

Kommunelovas alminnelege regel er at når eit medlem av eit folkevald organ trer ut av organet, skal kommunestyret velge eit nytt medlem frå den same gruppa/partiet som det avtroppande medlemet

hørte til, jfr kommunelova § 7-10. Dersom det er leiaraen av organet som trer ut skal kommunestyret i utgangspunktet velje ny leiar blant dei andre medlemene av organet. Desse reglane gjeld og for kontrollutvalet, jfr kommunelova §23-1. I og med at kommunestyret foreslår å velje ny leiar for kontrollutvalet, som i dag ikkje er medlem i utvalet, må kommunestyret velje heile utvalet på nytt, jfr kommunelova § 23-1, siste avsnitt. I framlegget til vedtak er det berre leiar som er ny medlem i kontrollutvalet. Dei andre medlemene, inkludert nestleiar, er dei same som på noverande tidspunkt. Tidlegare i perioden fekk medlem Hallgeir Nesi innvilga fritak og varamedlem Linda Tollefsen Ås vart vald til nytt fast medlem i kontrollutvalet.

#### **Konklusjon**

I og med at noverande leiar Tom Kristian Thorsen har flytta ut av kommunen er han såleis etter lova ikkje lenger valgbar til å vere medlem og/eller leiar av kontrollutvalet. Kommunestyret må difor velje ny leiar av kontrollutvalet. I og med at ny foreslått leiar ikkje er medlem av kontrollutvalet i dag, må kommunestyret etter lova velje heile kontrollutvalet på nytt.

### **Kommunestyret - 037/2022**

#### **KS - behandling:**

Ordførar orienterte kort om saka.  
Samrøystes vedteke.

#### **KS - vedtak:**

**Kommunestyret vel desse medlemene til nytt kontrollutval for kommunestyreperioden 2019 – 2023:**

Leiar: Sigmund Vikane

Nestleiar: Ove Eidsnes

Medlem: Sigrunn Almelid Birkeland

Medlem: Bjørn Helge Venås

Medlem: Linda Tollefsen

Varamedlem: Aud Almenningen Steinsland

Varamedlem: Jan Arild Steinsland

